

## REFERAT FRÅ MØTE MED FAU VED ULSTEIN SKULE

Tid: Tysdag 18. november klokka 17.00-18.30

Stad: Ulstein skule

### Til stades:

- FAU-representantar
- Rektorane ved Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule
- Kommunalsjef for oppvekst
- Leiar for arbeidsgruppa
- Plasstillitsvalde og verneombod ved Ulstein skule

### Spørsmål og dialog om skulesamanslåing og vidare prosess

FAU ved Ulstein skule blir kalla inn til møte for informasjon om arbeidet med framtidig skulesamanslåing og for å svare ut spørsmål og ta imot innspel føresette har om prosessen vidare. For å sikre eit godt møte ber vi om at spørsmål og innspel frå føresette vert samla inn og sende til rektor Norunn Velsvik innan 14. november.

[norunn.velsvik@ulstein.kommune.no](mailto:norunn.velsvik@ulstein.kommune.no)

### Agenda for møtet

1. Informasjon om arbeidet med skulesamanslåing ved kommunalsjef for oppvekst.

Presentasjon: Arbeid for å sikre ein god prosess for involverte i prosessen. Legg ved referat. FAU etterlyser tidsplanar og tidslinjer. Etterlyser informasjon. 68 dagar sidan vedtak, og berre fått eitt informasjonsskriv. Må få vite kva tid ting skal skje.

Karen: Vi jobbar for at aktivitet skal skje. Dette jobbar vi for i arbeidsgruppene. Har laga ein mal no for alle trinna der kontaktlærarane saman arbeider for kva aktivitetar som skal skje på dei ulike klassetrinna. Vi jobbar godt, brukar mykje tid for at dette skal bli bra. Viktig å ikkje sette i gong aktivitetar som er trygge nok til at sjølv dei sårbare elevane skal oppleve at møta vert trygge og gode. Rektorane skal seie meir om kva som er gjennomført og kva som er planlagt hittil.

### Trafikktrygging:

Presentasjon v/ Arne Runar. Legg ved referat. Ut i frå vedtak til kommunestyret, og at dette er nok som kommunestyret har vore svært opptekne av. Fleire planar som ligg til grunn for prosjektet i tillegg til det vi snakkar om no. I området som vist på kart har det ikkje vore skuleskyss sidan ein starta Ulstein Arena, sett bort i frå skuleskyss. Det som er klart er at Vy som leverandør er skeptisk til å reetablere skuleskyss til Gjerdegata. Men når det gjeld skuleskyss så skal busstopp vere der. Tidlegare opp Kyrkjebakken, men det måtte gjerast om og via kryss i Gjerdegata. Det vil bli gjort oppgradering og modifisering av kryss i Gjerdegata, og etablering av ny stad for av- og påstiging. Bussen køyrer ned Kyrkjegata etter stopp. Ser på skilt med tidsavgrensa parkering forbode. Det vert og jobba med å få til bervegs-strategi for å minimere problem for busstrafikk.

Ut i frå kommunestyrevedtak vil elevar frå vest ha prioritet på kort sikt i høve å kome seg trygt til og frå skulen. Stor del av elevane går Bakkegata, vil jobbe for at elevane heller går i Kyrkjegata og går til skulen frå den vegen. Her må ein få hjelp med skulen og foreldra og sluse dei rett veg. Det kan bli aktuelt å igjen ha skilt med tidsavgrensa forbod mot køyring i vegen vest for skulen. Organisatoriske tiltak, sjå presentasjon.

Der vil kome ei høyring snart. Topp prioritet er å trygge busstrafikk ved Gjerdegata/Ulstein Arena. Av- og påstiging bil. I budsjett- og økonomiplan ligg der inne ein del tiltak for trafikktryggleik. Hjartesone

rundt barneskulen er ein del av utgreiinga som ein har på trafikktrygging skule. Kva dette er vil kome grundig fram når planen går ut til høyring.

Framdrift: Stram tidslinje, må trykke på for å kome i mål. Har vore i kontakt med alle grunneigarar.

Spørsmål: Bakkegata ikkje tenkt nokon plan no? Vil ikkje trafikken i Bakkegata auke? Veldig mykje bilar der no.

Det er sannsynleg at gruppa vil kome til å foreslå parkering forbode i delar av Gjerdegata, og stenging 08-09 i Bakkegata.

Innspeil FAU: Vi veit av vi skal frakte elevar frå vest, og ved oppretting av barnehage så blir all trafikk mot vest.

Det er naudsynt å ha fleire tankar i hovudet samtidig. Det er harde verforhold i vest, og det er lengste strekket i kommunen. Frå Ivastranda vil ein 2. klassing bruke 1,5 time til å gå til skulen. Meir verhardt med ein gong ein kjem ut rundt Halsesvingen.

Framdriftsplan : Skal dette leggst ved?

Det er ikkje alle skilt kommunen har mynde på. Mellom anna parkeing forbode. Dette må vidare.

### 3. Eventuelt

-Rektorane orienterer om planlagd aktivitet.

Norunn: Snakkar med både elevar og føresett om tema. Har elevrådsmøte der ein tek imot spørsmål som blir tatt vidare inn i arbeidsgruppene. Startar med overføringsmøte no i løpet av fyrste halvdel av desember. Rektorane har også møte med PPT for å ha samme syn og lik informasjon. Fyrste fellesmøte mellom tilsette på UBSK. Omvisning på bygget. Veldig positivt. Neste møte 12. Januar og tema er fagleg inkludering. Skal vere møte mellom lærarar på dei ulike trinna og overordna der er å sikre god overgang og gjennomføring.

Synnøve: Vi ønsker alle velkomne og har forståing for at føresette er spent og usikre. Vil gjere vårt beste for å sikre ein god og trygg overgang. Jobbar saman med Ulstein skule. Elevar frå Ulstein har vore og sett på uteområdet, og neste steg er å få gjere seg kjende inne på UBSK. Svare på spørsmål frå elevane. Trinna kan vere med på samlingsstund i mars og juni. 5. trinn har i mars og 1. trinn i juni. Held på å lage ien plan for korleis lage gode møte mellom elevane og tilsette.

Karen : Vil bli meir praktisk aktivitetar etter kvart, og det er viktig at det er lærarane som kjenner elevane som planlegg.

FAU: Dei føresette er ulike, og får høyre korleis klassene blir i Ulsteinvik. Lurer på kvifor ein får vite dette på bygda og ikkje i via kommunen.

Karen: Vi planlegg ikkje klasser på denne tida av året uansett. Dette går fortløpande i tida framover. Det er Synnøve som rektor som veit kor mange lærarar ho har, og ser korleis klassene skal vere. Til dømes tre klasser eller fire klasser.

FAU: Eit foreldremøte der ein informerer om at ein ikkje veit er betre enn å ikkje ha møte og ikkje vite.

Adm skal bli betre til å sende ut informasjon. Tek til oss at vi også kan sende ut det vi ikkje veit.

FAU: Elevane sit med mange spørsmål og lurar på mykje. Prøve å få mest mogleg informasjon ut slik at vi kan dele og informere.

## 2. Gjennomgang av innkomne spørsmål og innspel frå føresette

### Skulekvardag:

#### 1. Kva tid er det tenkt at den verkelege integreringsprosessen skal starte?

For elevane frå Ulstein skule har ein hatt eit besøk på Ulsteinvik barneskule. På dette besøket var dei på uteområdet og gjorde seg kjende der. Det er planlagt et besøk til der dei skal inn å sjå på skulen innvendig etter ønske frå elevane. Lærarane på kvart trinn vil no lage ein plan for aktivitetar for våren 26. Dette samarbeidar lærarane frå Ulstein og Ulsteinvik barneskule om. Dette er aktivitetar for alle. Samstundes blir det også sett i gang møter for elevar som har behov.

#### 2. Er det sett til Herøy kva erfaringar dei har med ein slik prosess?

I Herøy starta elevar frå Stokksund på Nye Herøy ungdomsskule august 25. I samband med dette har dette vore gjennomført:

- Det vart gjennomført ein ekstra planleggingsdag for tilsette.
- Elevsamtaler om klasseinndeling i samarbeid mellom kontaktlærarane.
- Hadde fleire besøksdagar på våren.
- Tilbod til føresette om omvising på skulen om dei ønskte det.

Når det gjeld samanslåing av barneskular i Herøy, er dette utsett etter sak om lovlegheitskontroll.

FAU har planlagt kvart "heimearrangement" Eine skulen hadde Halloweendisco der dei inviterte andre skulen. Føresette frå begge skulane stiller som vakter.

Tilsette samarbeider i utviklingsarbeid der det er naturleg.

I arbeidet i Herøy har dei denne setninga som utgangspunkt for samarbeidet:

***Kva kan du gjere ut i frå di rolle for at dette skal gå bra?***

#### 3. Kva skjer med mottakselevane?

Elevane frå Link vil få tilbod om norskopplæring som tidlegare. Dette vil skje ved Ulsteinvik barneskule. Dvs at det kan bli reine mottaksklasser, men det kan også bli naturleg at mottakselevar er delar av dagen i ordinær klasse. Dette vert ivaretatt av leiinga på UBSK i samarbeid med lærarane.

#### 4. Vert klassene frå Ulstein skule delt opp/splitta?

Det er ikkje avgjort korleis vi skal dele inn klassene til neste skuleår. Vi vil ha tett samarbeid med kontaktlærarane til elevane når dette skal gjerast. Har tenkt at det i hovudregel ikkje er lurt at det blir "reine" Ulsteinklasser.

#### 5. Kven bestemmer korleis klassene skal settast saman?

Det er rektor som har mynde til å ta ei endeleg avgjersle om dette. Samansetning av klassene vert gjort i samarbeid med kontaktlærarane frå begge skulane.

**6. Kva vert lagt til grunn for kven som kjem i klasse i lag?**

Spørsmål 5.

**7. Når skal elevane få beskjed om korleis klassene er planlagt?**

Dette er ikkje bestemt enno. Vi legg vekt på at det skal vere i god tid før sommarferien.

**8. Korleis vert klassene på den "nye" skulen? feks størrelse?**

I år har til dømes 1. klasse vore organisert i 6 grupper, og litt saman på tvers. Mål at alle skal finne sin plass og føle seg inkludert. Dette er ein pedagogikk som vi vil vidareføre. Når det gjeld mottakselevar så er dette noko som må organisert etter den beste løysinga. Størleik på klasser vil variere frå om lag 20 elevar til om lag 25 elevar. Korleis trinne blir delt opp vil bli formidla av rektor ved Ulsteinvik barneskule når dette er klart.

**9. Er det tenkt å inkludere kommunepsykolog/helsesjukepleiar i prosessen?**

Kommunepsykolog Tomas Myklebust blir med i dialog med arbeidsgruppa framover og helsesjukepleiar vert involvert der det er naturleg.

**10. Kva tid skal borna bli høyrde? Skal der vere noko ny elevundersøking etter at vedtaket vart gjort?**

Det vert ikkje noko ny spørjeundersøking. Det vil verte gjennomført elevsamtalar etter behov gjennom våren, og det vil også bli gjennomført utviklingssamtale vår 25. Trafikkgruppa skal ha møte med elevrådet på begge skulane onsdag 19.november

**11. Vert det ekstra oppfølging av dei elevane som kjem til Ulsteinvik mtp psykisk helse og trivsel første året?**

Det vert lagt opp til ei ekstra elevsamtale for elevane som har bytta skule på hausten. Ut over det vert alle elevane på skulen fylde tett opp med tanke på psykisk helse og trivsel.

Kommentar FAU: Det er ei samansmelting av to miljø som skal skje, og det er viktig å bli trygga på at elevane blir ivaretekne sjølv om ein veit at det er ein tøff gjeng som kjem frå Ulstein skule.

**12. Kva oppfølging vil elevane frå Ulstein få når dei skal flyttast?**

Elevane vert møtt av lærarar som er trygge i rolla si og vil ta vare på alle elevane på ein god måte.

**13. Vil det verte satt inn ekstra styrking i klassene ved UBS over ei periode, er dette budsjettert inn?**

Det er sett inn meir ressursar på skulen når elevtalet stig.

**14. Korleis, konkret, skal integreringsprosessen foregå?**

Lærarane vil planlegge aktivitetar som skal gjennomførast våren 26. Informasjon om kva elevane skal vere med på kjem langs med.

**15. Korleis tenker kommuna å hindre at elevane som bur lengst vekk, fell utanfor? (elevane er heilt avhengig av at foreldre køyrer for at dei skal kunne ha besøk eller vere på besøk)**

Vi forstår godt uroa. Dette gjeld elevar frå fleire grender, og handlar om avstandar som kommunen ikkje kan løyse gjennom skuleskyss utanom skuletida. Besøk og henting/bringing må derfor ordnast privat.

Det kommunen *kan* bidra med, er å sikre eit inkluderande skulemiljø der alle elevar blir inviterte inn og blir ein del av fellesskapet. Vi vil løfte dette som eit viktig tema i overgangsarbeidet.

**16. Kva tidspunkt startar og sluttar skuledagen for elevane ved UBS? Vil det verte gjort justeringar mtp busstider, for at elevane ikkje må vente før skulen startar? (30 min)**

Skuleruta for UBS 2025/2026:

Skuledagen startar 08:30 og sluttar til litt ulike tider.

Måndag: 13:00 (heile skulen)

Tysdag: 13:00 1-2.klasse + 14:00 3-7.klasse

Onsdag: 12:15- 1-2.klasse + 13:00 3.klasse + 14:00 4-7.klasse

Torsdag: 13:00 1-3.klasse + 14:00 4-7.klasse

Fredag: 12:15 1-2.klasse + 13:00 3-7.klasse

Adm. Har tett kontakt med Fylkeskommunen om busstilbod for neste års skuleelevar på UBS. Vi ser mellom anna på om det er behov for å setje inn ein ekstra buss til Gjerdegata som er berre for elevar i 1-7.klasse med ankomst kl 08:15. Dette er ikkje avklart enda. Ei eventuell endring i timeplanar er ikkje diskutert enda, men vil vere ein del av heile totalbildet vi må sjå på.

**17. I og med bussen også fraktar elevane til VGS, så er det lite truleg at busstida på morgonen kan endrast. Vil ein også tilpasse skuletida for ungdomsskuleelevar?**

Det er truleg ikkje aktuelt å endre skuletida for ungdomsskulen pga samla trafikksituasjon i- og til skuleområdet. Busstilbodet til ungdomsskuleelevar vil ikkje bli endra

**18. Om ikkje det er tenkt å gjere endringar av skuletida. Korleis vil elevane som tek buss verte ivaretatt om morgonen og i ventetida på ettermiddag? Elevane frå Flø vil frå dei tek bussen om morgonen, til skuledagen startar måtte vente 1t. Fritid på ettermiddag vil også verte sterkt redusert. Er dette likebehandling?**

Det blir jobba med ei løysing som ein finn tilfredsstillande både på morgonen og ettermiddagen. Detaljar må vi kome tilbake til.

**19. Vi kjenner til at mobbetala er aukande ved UBS. Kva er årsak til dette?**

Mobbetala ved skulen er ikkje aukande. Elevundersøkinga er eit augeblikksbilete. Skulen hadde ikkje fleire elevsaker i perioden med elevundersøkinga enn elles.

**20. Korleis ser skuleeigar for seg at mobbetala vil endrast ved at det vert fleire elevar på færre ansatte? Og at det i tillegg er planlagt store kutt i oppvekstsektoren.**

Det er ikkje nødvendigvis ein samanheng mellom størrelsen på skulen og tal på mobbesaker. Vi er bekymra for kva det vil bety at vi har færre tilsette i skulane våre og vil følge nøye med på utviklinga framover.

Det vert ei viktig oppgåve for skuleeigar framover å sørge for at alle skulane arbeider godt med skulemiljø. Førebygging, fange opp og følge med.

**21. Kva kutt vil ramme UBS? Her har dei vel fleire stillingar som ikkje er lovpålagte, og difor ikkje fell inn under lærarnorm.**

Ulsteinvik barneskule får på lik linje med dei andre skulane stramme rammer.

Ulsteinvik barneskule vil likevel vere den einaste skulen som får fleire stillingsheimlar til skuleåret 26-27 då dei får fleire elevar.

**22. Korleis vil ein ivareta dei elevane som har bytta skule til Ulstein pga feks mobbing ved anna skule, som feks UBS?**

Alle elevar som har særskilte behov eller det er andre høve vi må ta omsyn til vil verte ekstra følgde opp i overgangen og i etterkant.

**23. Korleis planlegg skuleeigar å hindre at elevane frå Ulstein skule vert lavstatus elevar, blant medelevane, foreldre og lærarar? Vi har merka oss fleire negative ytringar både mot oss foreldre og elevane som vil kome frå Ulstein.**

Eg forstår at det kan vere bekymring knytt til endringar. Målet vårt er at alle elevar skal oppleve tryggleik og fellesskap, uavhengig av kva skule dei kjem frå. Vi jobbar aktivt med å førebygge stigmatisering gjennom felles aktivitetar, god informasjon og tett samarbeid med lærarar og foreldre. Vi ønskjer å skape ein kultur der alle elevar blir møtt med respekt og likeverd.

Kommentar FAU: Klasseinndeling. Ingen ønsker at der skal vere Ulsteinklasser, men ein ønsker også å bryte opp etablerte grupperingar i klassene. Ønsker at alle må flytte litt på seg. Ønsker at dei satte miljøa skal brytast litt opp. Dette er ei forventning frå FAU og føresette frå Ulstein.

**24. Kva rutiner har UBS ved konflikt mellom elevar?**

Alle skulane i Ulstein arbeider etter plan for trygt og godt skulemiljø og kapitel 12 i opplæringslova.

**25. Kor raskt set ein inn tiltak, der elevar mistrivst på skulen, kven får ansvar for oppfølging?**

Alle skulane i Ulstein arbeider etter plan for trygt og godt skulemiljø og kapitel 12 i opplæringslova.

**26. Blir det etablert nye skulereglar, slik alle elevane kjenner igjen forventningar og reglar?**

Ordensreglar ved skulane er like på alle skulane.

**27. Ulstein skule har innført frukt- og yoghurtpause ca kl 09/ etter første friminutt.**

**Dette blant anna fordi fleire av elevane startar skuledagen sin tidleg om morgonen for å rekke buss. Vil dette vidareførast?**

Dette er eit innspel vi tek med oss i arbeidet vidare.

**28. Elevane ved Ulstein skule har mykje fysisk aktivitet i løpet av skuledagen sin. Ofte spontan aktivitet i gymsal, ute eller i klasserom. Dette blant anna for å betre læringsmiljøet og redusere uro. Vil dette verte tilbuddt elevane ved UBS?**

Dette er alt vanleg praksis ved Ulsteinvik barneskule.

**29. Kor lang vert undervisningstimane?**

Ulsteinvik barneskule har økter på 45 minutt.

**30. Det er dårleg ventilasjon på A-bygget ved UBS, er her ein plan for utbetring av dette?**

Ved UBS er det fleire ventilasjonsanlegg.

Det er lagt opp til ein investeringspakke i økonomiplanen for å ta igjen etterslep på formålsbygga.

Ved UBS er det lagt inn skifte til LED i 2027 og utbetring av SD (sentral driftskontroll) ventilasjonsanlegg i 2028

Forutsetninga er at investeringspakken vert godkjent i KST.

**31. Er garderobene store nok til at alle elevane i ein klasse får like og gode plassar i garderoben?**

Ja, det er gode og nok garderobeplass på Ulsteinvik barneskule.

**32. Vil det verte etablert spesialrom, som til dømes musikkrom og naturfagsrom, slik det var tiltenkt på UBS, eller vert dei ledige romma nytta til klasser? Korleis er det med gruppedelingsrom til å dele klassen i to? Korleis er det med grupperom for elevar med spesial undervisning?**

Ulsteinvik barneskule har musikkrom. Det vil ikkje verte etablert spesialrom som naturfagsrom. I Ulstein kommune er det berre ungdomsskulen som har eige rom til naturfag. På Ulsteinvik barneskule vil alle klassene få tilgang til eige grupperom. Individuelt tilpassa opplæring bør skje i klasserommet fordi det styrker inkludering og fellesskap. Når tilpassinga skjer der elevane er saman, får alle tilgang til det sosiale og faglege læringsmiljøet, noko som er avgjerande for trivsel og utvikling. Det gir læraren høve til å variere arbeidsmåtar, tempo og støtte innanfor ramma av felles undervisning, slik at elevane opplever meistring utan å bli isolerte. I tillegg fremjar det samarbeid mellom elevar med ulike styrkar, som igjen byggjer relasjonar og læringskultur. Å flytte tilpassinga ut av klasserommet kan føre til stigmatisering og redusert deltaking, medan tilpassing i klassen gir både fagleg og sosial gevinst.

**33. Korleis vil det verte med kapasiteten på gymsal og symjehallen på Ulstein Arena når ein etablerer nye klasser, vil der vere tid slik alle klassene får gjennomføre undervisninga i kroppsøving på ein akseptabel måte (garderober og nok tid)?**

Det vil vere nok tid i Ulstein Arena til at alle klassene får den undervisninga dei skal etter læreplanen.

### **Uteskule:**

Synnøve:

Ulsteinvik barneskule er i dialog med Friluftsrådet for å jobbe for at også Ulsteinvik barneskule skal bli uteskule.

- 1. Blir det lagt opp til like stor bruk av uteskule som på Ulstein skule i dag?**  
Dei tilsette i Ulstein kommune har stor fridom til planlegge organisering og innhald i undervisninga sjølve, så lenge dei held seg til måla i læreplanen.
- 2. Om ikkje; kvifor?**
- 3. Kva områder har skulen å "spele på" utenom allereie nærliggande skuleområde?**  
Ulsteinvik barneskule har fleire ulike plassar dei brukar på tur dagar, dei går både oppover mot fjell, til fjøre og er på tur i sentrum.
- 4. Dersom klasser er ute på tur/uteskule heile dagen, korleis er det tenkt med avslutninga av dagen når nokre elevar er avhengige av buss? Er det ok at nokre elevar får gå direkte heim frå til dømes Bugardsmyra eller Høddvoll, medan andre må gå tilbake til skulen og vente på bussen? Kva løysing har de tenkt her?**  
Dersom klasser har faste tur dagar startar dei og avsluttar dei den på skulen.

### **SFO:**

- 1. Får borna med seg leikene som dei kjenner over til ny skule?**  
Vil vil ta i vare og flytte leiker og anna materiell. Det kan vere at noko av materiellet går til andre skular enn Ulsteinvik barneskule.
- 2. Blir kjernetida som før?**  
Det er for tidleg å seie noko om kjernetida før vi har avklart busstransporten.
- 3. Er det tilstrekkelig med parkeringsplassar for levering og henting i småskulen?**  
Vi legg opp til parkering/droppsoner på parkeringsplassen i Gjerdegata
- 4. Hente/bringe-situasjon - nok bemanning for å sjå borna våre?**  
Kommentar: Møtet med sommar-SFO har vore noko kaotisk. Dette gir grunn til bekymring. I ei overgangsfase er det viktig å ha ekstra bemanning.
- 5. Vil borna som tidlegare ikkje har hatt behov for full SFO tid, men no pga nedlegging av skulen på Ulstein, få kompensert/ få gratis SFO om dei no får behov for SFO utover kjernetida?**  
Nei. Det vil ikkje vere skilnad på elevane etter kvar dei bur.

### **Administrasjon:**

Alt som gjeld administrasjon og personalhending/personalkabal er noko vi jobbar med internt. Informasjon og drøfting om dette vil verte handtert i eit samarbeid med tillitsvalde og dei tilsette. Vår jobb er å sikre at elevane og dei tilsette får ein best mogleg skulekvardag og arbeidskvardag også neste skuleår.

- 1. Er det vurdert noko kring habilitet mellom oppvekstsjef og rektor på UBS?**
- 2. Vi kjenner til at det er ein nær relasjon mellom rektor ved UBS og oppvekstsjef, samt oppvekstsjef og kommunedirektør. På kva måte kan ein forvente at Dei ansatte frå Ulstein vil få like stor innflytelse i den vidare prosessen, at det ikkje vert tatt parti, gitt informasjon eller på anna måte fordelar til sentrum foran Ulstein?**
- 3. Når leiinga i oppvekstsektor, samt kommuneadministrasjon, har å nære personlege relasjonar, korleis kan ein vere trygg på og ha tillit til at eventuelle varslar og krav vert handtert utan at dei personlege relasjonane spelar inn hjå den enkelte?**

Svar på spørsmål 1-3:

#### **Habilitet og relasjonar**

Kommunen følgjer forvaltningslova sine reglar om habilitet. Dersom det skulle oppstå situasjonar der personlege relasjonar kan påverke avgjersler, blir det vurdert og handtert i tråd med lovverket. Dette er ein del av vårt ansvar som offentleg forvaltning.

#### **Handtering av varslar og krav**

Kommunen har etablerte rutinar for varslar og sakshandsaming som sikrar at saker blir behandla uavhengig av personlege relasjonar. Dette er forankra i lov og interne retningslinjer, og vi har plikt til å følgje desse.

### **Uteområde:**

- 1. Vil det bli klassesdelte friminutt på ulike tider? Tidtaking på leikeapparata?**  
Ulsteinvik barneskule har i dag delt dei små friminutta, medan matfriminuttet er felles. Skulen vil vurdere om ein skal dele matfriminuttet opp slik at småskulen og

storskulen har friminutt kvar for seg. Dette er det rektor i samarbeid med dei andre tilsette på skulen som styrer.

2. **Dersom det blir delt inn i fleire friminutt, vil dei ansatte då få fleire friminuttsvakter for å sikre god bemanning i friminutta som kan dekke heile uteområdet? Korleis er det tenkt i forhold til slitasje på dei ansatte?**

Kommentar FAU: Viktig å sette inn ekstra ressursar i ei overgangsfase.

3. **Kjem uteområdet til å bli noko meir utvikla det nærmaste året?**

Ja, det er lagt inn 7 million kroner i investeringsbudsjett for vidare utvikling av uteområdet. I tillegg er det oppretta ei sentrumsforeining som har søkt på midlar for ytterlegare tiltak.

4. **Kva ligg i budsjett for oppgraderingar i åra framover?**

I investeringsbudsjettet ligg det inne 7 million kroner i 2027.

5. **Får elevane ta med seg sykkel for å sykle i friminutta, slik dei gjer i dag?**

Nei. Elevane kan sykle til og frå skulen, men ikkje i friminutta.

6. **Har elevane fri tilgong til alle leikeapparat og leikeområde?**

Ja.

7. **Har skulen lagt opp til utstyr og hjelpemiddel, slik at elevane i større grad kan forme leiken sjølv, gjennom sin eigen kreativitet og ikkje vere styrt av apparat og avgrensa områder?**

Det er varierte område på uteområdet og elevane nyttar frileik i stor grad då det ikkje er så mange leikeapparat.

8. **Er det planlagt bygging av sandkasse?**

Det er planlagt ei større sandkasse i forslaget til NorConsult.

### Skuleveg:

1. **Korleis er det tenkt med tanke på busstransport? Får alle sitje på?**

Vi forholdt oss til kommunestyrevedtaket om busstilbod for alle elevane ved Ulstein skule.

Kommunestyret må avklare kvar grensa skal gå. Kommentar: Det har vorte sagt at alle skal sitte på.

2. **Kva skjer med strekninga Reiten-UBS?**

Vi ynskjer å sluse elevane til UBS via Kyrkjegata. Det vert lagt inn tryggleikstiltak for å gjere forholda best mogleg.

3. **Får elevane lov til å sykle til skulen? Har høyrte at det er 10-års aldersgrense på sentrumsskulen.**

Det er foreldre som er ansvarlege og kan setje denne grensa for sitt barn. Skulen har oppmoda om å vente til elevane er 10 år etter tilråding frå Trygg Trafikk.

**4. Når vert det avklart kvar bussane stoppar haust 2026?**

Bussen stoppar ved faste busshaldeplassar langs vegen og endar opp i Gjerdegata. Eit samla avklart busstilbod blir klart våren 2026

**5. Er det nok ledige seter på skulebussen til alle elevane om morgonen? (Både VGS, UUS og barneskuleelevar på same buss frå Flø) Tek ein sikte på at enkelte av elevane må stå? Eller vert det satt inn ekstra buss for elevane frå Ulstein?**

Adm. skal greie ut om det skal setjast inn ein ekstra buss med rute til Gjerdegata som er berre for elevar i 1-7.klasse. Dette er ikkje avklart enda. Etter skuletid vil ikkje plassproblematikk vere ei utfordring. Etter lova skal ingen elevar måtte stå eller sitte utan setebelte.

**6. Vil det berre vere 1.klassingane som vil få tilsyn til og frå buss frå skulen? Andre skular har vakter ved busshaldeplassane for alle elevane.**

Elevar i grunnskaen har rett til tilsyn i ventetida før og etter opplæringa eller skulefritidsordninga viss dei treng det. Opplæringslova § 4-2 og § 9-2. Vi kjem tilbake til korleis dette blir organisert.

**7. Korleis ligg det an med å sikre av og påstiging av buss i Gjerdegata (Arena), vil kommunen klare å gjennomføre vedtaket om at det skal vere busstopp her?**

Tiltak i Vikemyra inkludert krysset mellom Vikemyra og Gjerdegata, av- og påstigingsareal i Gjerdegata og ev. fortau i Gjerdegata har topp prioritet. Likeins arbeidet med trafikkregulerande skilt.

Adm. jobbar for å få utført prosjektering og innhenting av anbod hjå entreprenørar, slik at planlagde tiltak for trygg busstrafikk til Gjerdegata kan vere utført innan skulestart slik målsettinga er. Adm. er i kontakt med private grunneigarar då det vil vere behov for grunnnerv. Sidan her er eksterne aktørar som også har nøkkelroller i dette, er fullstendig ferdigstilling ikkje noko som kan garanterast i dag, men teknisk etat er klart optimistisk med omsyn til å kunne rekke å få utført det alt vesentlege av fysiske tiltak til skulestart 2026.

**8. Kva vert lagt i tilfredsstillande trafikktryggleik, slik som fleirtalet av politikarane vedtok? Kven definerar og avgjer dette? Korleis vert det definert?**

Det vert utarbeida ein rapport om trafikktrygging skule med tiltak og prioritet som skal vedtakast av kommunestyret.

**9. For kven er det tenkt fullgod trafikktryggleik? Er det alle elevane som går til skulen, eller dei som går til skule frå nordlig del.**

Elevar frå nordleg del har prioritet i første omgang basert på kommunestyrevedtaket av 11.09.2025 om strukturendring. Mange av dei planlagde tiltaka vil likevel ha positiv effekt for alle elevane ved Ulsteinvik barneskule og Ulstein ungdomsskule og for så vidt trafikantar generelt.

Kommentar Arne Runar: Fortau ved Bakkegata har høg prioritet. Vil ikkje kunne ferdigstille dette til haust 26. Mellom anna avløp, tekniske anlegg osv skal også

ivareta kast og ein må tenke samla. Eit kostbart tiltak. Kostnadsrekna til 14 mill i 2023. Også ein av grunnane til at ein no ser på Kyrkjegata då det er mogleg å få ei fullgod løysing til august 2026.

**10. Kva legg ein i fullgod løysing for av- og påstiging av buss? Kven definerar dette? Vil økonomien spele inn, eller borna sine behov?**

Busslomma i Gjerdegata til av- og påstiging for elevar i barneskulealder er ei fullgod løysing, jamfør at borna går til og frå skuleområdet på opparbeidd fortau.

**11. Kva skjer om det verken er fullgod løysing for av- og påstiging eller tilstrekkeleg trafikktrygging på plass til skulestart, slik som det vart vedtatt?**

Med dagens vegnett kjem ein seg trygt til og frå Gjerdegata, men vi vil likevel få oppgradert krysset, slik at det vert betre forhold for alle trafikantar.

Det er også under planlegging ny av- og påstigingsløysing frå personbil i Gjerdegata.

**12. Korleis kan ein sikre "kortast mogleg reiseveg" slik at elevane frå Ulstein ikkje får lenger dag enn nødvendig?**

Viss dette gjeld busstransport – sjå svar om busstilbod

**13. Når er det tenkt at trafikksikringstiltaka for trygg skuleveg skal vere gjennomført? Er det foretatt nokon estimer, lagd ein framdriftsplan, eller konkretisert tids- og kostnadsrammene for dette?**

Sjå svar i spørsmål 7.

Spørsmål: Det har vore sagt at dette skal vere ein open prosess. Er dette tilgjengeleg offentleg? Nei, fyrst når dette kjem ut på høyring vert det offentleg.

Ei utfordring at så mange foreldre frå Ulsteinvik køyrer barna til skulen. Har no ei moglegheit til å ta tak i trafikktryggingssituasjonen rundt Ulsteinvik barneskule.

Kommentar: Vi må tenke på at vi også skal ha ein barnehage på Ulstein, skal opp med eit stort Fagertun der det vert mykje trafikk som ein også må tenke på.

**Foreldre:**

**1. Det trengs eit foreldremøte på Ulstein skule med informasjon og anledning for å stille spørsmål og innspel direkte til administrasjon/arbeidsgruppa før jul.**

Eg forstår at det er mange spørsmål knytt til endringane som kjem frå neste skuleår. FAU har i sitt mandat å vere talerør mellom foreldre og skulen/kommunen, og vi ønskjer å halde oss til denne strukturen. Det betyr at FAU samlar inn spørsmål og innspel frå foreldre og vidareformidlar desse til oss, slik at vi kan gi gode og samla svar.

**2. Kan det vere ein ide å ha to FAU i starten av skuleåret for å ivareta elevane frå Ulstein skule i overgangsfasen?**

Vi tek med oss spørsmålet inn i arbeidsgruppa for drøfting.

**3. Korleis er det tenkt å sikre at både foreldre frå Ulstein og Flø får ta del i FAU?**

Representantane vert valde inn av foreldra i klassa og alle er velkomne til å melde seg til val som representant.

**4. Vil det verte lagt opp til eit felles foreldremøte for alle foreldre, både frå Ulstein skule og UBS?**

Ønsker å få til eit temamøte for alle foreldra. Til dømes innlegg ved kommunepsykolog.

**5. Det er alarmerande stille fra administrasjonen, vel to månader etter vedtaket om å legge ned Ulstein skule. Når, heilt konkret, skal foreldre og ikke minst skuleborna få svar fra administrasjonen på korleis deira nye skulekvardag vil bli?**

Eg forstår godt at det opplevast uvisst for både foreldre og elevar etter vedtaket om å legge ned Ulstein skule. Det er viktig for meg å presisere at dette ikkje er ei oppgåve administrasjonen skal løyse aleine. Planlegginga av den nye skulekvardagen skal skje i tett samspel med tilsette, elevar og foreldre. Adm. vil bli flinkare til å bruke dei kanalane ein har.

Vi er no i gang med å etablere prosessar der skulen, FAU og elevråd er involvert. Målet er å finne gode løysingar saman, slik at overgangen blir trygg og føreseieleg for alle. Det betyr at vi ikkje vil presentere ferdige planar utan dialog. Vi ønskjer å bruke tid på å lytte og utvikle dette i fellesskap.

**Ulstein skule:**

**1. Korleis vert den frie bruken av skulen, som FAU tidligare har administrert?**

Avtalar om lån og bruk av skulen må administrerast av andre enn FAU. Dette må vi komme tilbake til.

**2. Kven skal stå ansvarleg for utleige av bygget, og kven får inntektene?**

Avtalar om lån og bruk av skulen må administrerast av andre enn FAU. Dette må vi komme tilbake til.

**3. Kva er tenkt rundt barnehageplanane?**

Strategien til Ulstein kommune er at Ulstein skule skal byggast om til barnehage.

**4. Korleis planlegg kommuna traffikkavvikling til og frå, samt rundt b.hageområdet? Kor mykje av området vert gjerda inn, og dermed ikkje til fri bruk lenger.**

Detaljar rundt barnehagen er ikkje klare enno. Alle kommunale barnehagar har eit uteområde som kan nyttast av den som vil etter barnehagen er stengt.

- 5. Korleis er det tenkt at borna som bur i nærområdet skal kunne nytte uteområdet etter skuletid, når barnehagen fortsatt er open? Korleis vil dette verte i feriane? Skal barnehagen ha feriestengt?**

Ein kan nytte uteområdet etter at barnehagen er stengt og i feriar der barnehagen ikkje er open.

- 6. Flesteparten av leikeapparata som står på skuleområdet i dag er komt opp i regi av FAU. Vi vil donere desse til nærliggande leikeplassar, slik krinsen får nytte godt av desse dersom området skal omgjerdast til barnehage. Dette må vi kome tilbake til.**

- 7. Då Flø skule vart lagt ned, vart noko av det eldre inventaret, bilder/utsmykkingar m.m, samt undervisningsmaterial av gamal sort, flytta til Ulstein skule. Dette saker som er både av historisk verdi, men også verdifullt for gamle Flø skulekrins. Kva er planen med dette?**

Dette må vi kome tilbake til.

Kommentar FAU:

Utfordringa er at vi har ei foreldregruppe som krev foreldremøte. Utfordringa er at FAU ikkje tenker at det er rett at dei skal vere eit talerør etter eit slikt vedtak. Dette kostar føresette veldig mykje. Det er mange som har jobba hardt for at dette ikkje skal skje. FAU vil legge føringar for at dette ikkje skal vere eit møte der ein skal anklage, men at det kan kome spørsmål som til dømes gjeld om mitt barn skal ha iPad utdelt med heim. Dette er forventta, og det gagnar berre om å skape tillit i prosessen. Eit ønske om å bli sett.

Har sendt ut melding til alle grupper på Facebook. Klassegrupper. Det FAU har sagt til rektor er at foreldregruppa ønsker å møte administrasjonen. Usikkerheita handlar mykje om korleis ting blir gjort på Ulsteinvik barneskule.